



John Elling Vatne  
Moldekleivmarka 71 B  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/784 - 17/7258

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
21.04.2017

## Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr for egedomen gbnr 27/91 Moldekleivmarka.

**Administrativt vedtak. Saknr: 102/2017**

### Saksutgreiing:

Det er i skriv, dagsett 30.03.17, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyret for husvære på egedomen gbnr 27/91, Moldekleivmarka 71 B. Søknaden er grunngeven med at bustaden ikkje har montert eldstad. Det vert også søkt om attendebetaling av tildelegare betalt avgift for 2016 og 2017.

### Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag, kan etter søknad, sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2017.

Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 6. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyret.

Administrasjonen har vurdert eigar av gbnr 27/91, sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak. Attendebetaling av feie-/tilsynsgebyr er ikkje heimla i noko forskrift eller regelverk. Vanleg praksis har vore at det etter søknad vert gjeve fritak for max. 3 år.

Egedomen vart registrert med kommunale avgifter frå 01.02.2016 etter at ferdigattest for bustad vart gjeve. Feie-/tilsynsgebyr vert alltid fakturet i 1. termin med forfall 31.03. for heile året. Faktura vert alltid sendt til den som står som heimelshavar på faktureringsstidspunktet. Faktura for feiing-/tilsyn for egedomen gbnr 27/91 for 2016 vart difor fakturert til utbyggjar som då stod som heimelshavar.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Administrasjonen rår frå at det vert gjeve attendebetaling for 2016.

Dersom du som eigar likevel har betalt feie-/tilsynsgebyr for 2016 må dette dokumenterast.

### **Vedtak**

«Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2017 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar husvære på eigedomen gbnr 27/91 i samsvar med søknad dagsett 30.03.2017. Dersom eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.

Innbetalt feie-/tilsynsgebyr for 2017 med kr 525,- vert attendebetalt frå Økonomikontoret.

Det vert gjeve avslag på attendebetaling for 2016, jf vurderinga ovanfor».

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Feiaren i Lindås og Meland v/Trond  
Smørdal  
Økonomikontoret v/Aina Elisabeth  
Erstad

### **Mottakere:**

John Elling Vatne

Moldekleivmarka 5918  
71 B

FREKHAUG